

# BOKN BYGDEBLAD

---

NR. 8 - SEPT./OKT. 1987. ÅRG. 2

---

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## GASSKRAFTVERKET

### Bokn og Tysvær samde om avtale om fordeling av eigedomsskatt.

Bokn og Tysvær kommune har den siste tida vore i forhandlingar om inntektsfordeling m.h.t. den eigedomsskatten som vil koma frå eit gasskraftverk i Ognøy/Kårstø-området.

Avtalen går ut på at begge kommunar skal ha like god inntektsutvikling som fylgje av gassbasert verksemd/industri i Ognøy/Kårstø-området. Det vil seia at eigedomsskatt eller tilsvارande inntekter på det planlagde gasskraftverket skal delast mellom

Bokn og Tysvær etter det til ei kvar tid gjeldande folketal.

I beregningsgrunnlaget for utrekning av inntekt pr. innbyggjar skal også eigedomsskatten Tysvær har frå Kårstøterminalen takast med.

Avtalen går også ut på at begge kommunane vil medverka til at oppdrettsnæringane i dei to kommunane kan samarbeida om drift av oppdrettsanlegget basert på spillvarme.

Intensjonen i avtalen skal og gjelda for framtidig gassbasert industri i Ognøy/Kårstø-området etter nærmare avtale.

Avtalen skal tre i kraft frå 1.januar året etter at gasskraftverket blir sett i drift.

Skissen til avtale som begge kommunane nå er samde om, vil gjera slutt på striden om kor gasskraftverket skal liggja - og begge kommunane vil i framtida få inntekter av all gassbasert industri i Ognøy/Kårstø-området. Tysvær vil få 80% av eigedomsavgiftene, og Bokn 20%.

Avtalen skal opp til handsaming i kommunestyre i begge kommunane. Etter som ein forstår, er både Bokn og Tysvær godt nøgde med avtalen, og det kan vera eit første steg mot samarbeid på fleire felt etter som tida for fast vegsamband nærmar seg.

# INGEN STORE OVER-RASKINGER VED KOMMUNEVALET I BOKN

Av 536 med røysterett røysta 380 til fylkestinget og 398 til kommunevalet. Dette utgjer 70,9 og 74,3 %. Valdeltakinga må seiast å vera låg, men er så nokolunde lik fylket elles.

Det mest gledelege var at kvinnene gjekk fram frå 2 idag til 6 i det nye kommunestyret.

Arbeiderpartiet tok eitt nytt mandat medan Kristeleg Folkeparti mista eitt. Høgre og Senterpartiet fekk like mange som sist.

Ordførar Leif Vatnaland fekk brei oppsluttnad. Han fekk 288 røyster, 100 meir enn den nest beste.

Til fylkestinget vart dei 380 røystene fordelt slik: Ap 79, H 77, Kr.f. 62, Sp 111, SV 5, Frp. 30, V 14 og RV 2.

Til kommunestyrevalet vart fordelinga slik: Ap 83, H 102, Krf. 57 og Sp 156.

Etter at oppteljinga av kumulering og stryking var unnagjort vart fordelinga slik:

Ap 4 kandidatplassar, H 4, Krf 2 og Sp 7.

Desse kom med i kommunestyret i Bokn for perioden 1988 - 91.

## DET NORSKE ARBEIDERPARTI

1.Svein I.Langhelle	184 røyster
2.Tove Steingildra	163 røyster
3.Berit Are	102 røyster
4.Arne Hosaas	99 røyster

## HØGRE

1.Finn Kro	151 røyster
2.Gunn Grønnestad	133 røyster
3.Svein Ove Alvestad	118 røyster
4.Ingvær Alvestad	115 røyster

## SENTERPARTIET

1.Leif Vatnaland	288 røyster
2.Alf Alvestad	190 røyster
3.Bernhard Våge	186 røyster
4.Bertha Våge	166 røyster
5.Sigurd Berge	166 røyster
6.Anne Marie Medhaug	163 røyster
7.Inger S. Bokneberg	162 røyster

## KRISTELEG FOLKEPARTI

1.Sigurd J. Svendsen	89 røyster
2.Svein Kro	83 røyster

Varamenn vart desse:

Varamenn DET NORSKE ARBEIDERPARTI

1.Ove Alvestad	96 røyster
2.Birger Lindanger	95 røyster
3.Ingrid Jøsang	88 røyster

4.Ottar Alvestad	86 røyster
5.Signe Solheim	85 røyster
6.Wenche Jøsang	85 røyster

komunestyrrerrepresentantar vil ikkje åleine få nokon i formannskapet. Men dette er rein teori. Både H og Ap har ei røyst kvar som dei kan hjelpe krf. med om dei vil. Tar ein utgangspunkt i 2 vil og Sp ha ei røyst til overs.

Litt spenning kan det verta. Med 6 plasser i kommunestyret vil nok kvinnen gjera seg gjeldande. Muligheten ligg der, dersom partia ynskjer å utnytta den.

#### Varamenn SENTERPARTIET

1.Inger Jøsang	162 røyster
2.Torleif Jøsang	160 røyster
3.Sigrunn H.Hosaas	152 røyster
4.Rune Vatnaland	151 røyster
5.Ragnhild Laupland	148 røyster
6.Oddrunn Håland	145 røyster
7.Solveig E.Våga	144 røyster
8.Vidar Grønnestad	143 røyster
9.Johannes Nilsen	143 røyster

#### Varamenn KRISTELEG FOLKEPARTI

1.Sverre Øvrebø	82 røyster
2.Sigmund Alvestad	72 røyster
3.Nils B.Nilssen	64 røyster
4.Egil Ognøy	63 røyster

Det som nå står føre er konstituering av gruppene i kommunestyret, val av formannskap, hovudutval og andre nemnder.

I vårt nåverande formannskap har Sp 2, Ap, H og Krf. 1 kvar.

Formannskapet vert vald av kommunestyret, og dersom ein legg den matematiske fordelinga til grunn, utan samarbeid mellom partia, vil Sp få 3, H og Ap 1 kvar. Krf. med berre 2

Dersom Høgre vil, og Sp og Ap finn det interessant, vil Gunn Grønnestad frå Høgre kunna få fast plass i formannskapet. I så tilfelle må Sigurd J. Svendsen frå Krf. finna seg ein plass lengre nede i salen. Det ville vera litt av ein kometkarriere for den unge trønderdama dersom ho får plass i formannskapet i første perioden sin i kommunestyret.

Alt er idag berre gissing. I neste bygdablad skal lesarane få vita korleis det kjem til å verta.

## Hjort på Austre Bokn

Det er fleire som har sett hjort på Austre Bokn. Etter det bygdabladet erfarer - høyrest det ut som det er meir enn ein hjort på Austre Bokn nå, og at det ikkje berre dreier seg om enkelte streifdyr.

# ÅRETS TV-INNSAMLING



I Bokn er det sanitetsforeninga som skal stå for innsamlingsarbeidet i samband med TV-aksjon-87

## HJERTE FOR LIVET.

På ettermiddagen søndag den 18. oktober vil dei banka på dørene til folk, og be om ditt bidrag.

Midlane skal hovedsakleg gå til kampen mot hjarte- og karsjukdomar, som er årsak til halvparten av alle dødsfall i Norge.

Elles skal noko av midlane gå til Tiltak for eldre

Tiltak for barn og unge

Kamp mot tuberkolose og

AIDS.

På landsbasis er det Nasjonalforeningen for folkehelsen som er innsamlingsarrangør.

VELKOMMEN TIL

AMNESTY - KONSERT,  
11. oktober kl. 16.00 - 17.30.

Sundag 11. oktober skal det arrangerast ein konsert i regi av nokre AI-medlemer frå Bokn. Bokn Sanitetsforening svt for kaffi og noko å bita i.

AI (AMNESTY INTERNATIONAL), kva er det for slag organisasjon og kva arbeider dei for? AI er ein organisasjon med ca. 350 000 medlemer i 150 forskjellige land. Det er ein uavhengig organisasjon både politisk og religiøst.

## DEI VIKTIGASTE OPPGAVENE TIL AI:

1. AI vil ha frigitt alle som er fengsla p.g.a. sine meininger, sin hudfarge, sitt kjønn, sin etniske opprinnelse, sitt språk eller religion - utsatt at dei ikkje har brukt vald eller oppfordra til bruk av vald.

Slike kallar vi "Samvittighetsfangar".

2. AI vil ha rettferdige og snøgge rettsaker for alle politiske fangar, og arbeider utan stopp på vegne av fangar som sit inne utan lov og dom.

3. AI er i mot dødsstraff, tortur og annan grusom, umenneskeleg eller nedverdigande behandling eller straff.

Dette gjeld alle fangar utan unntak.

AI korkje støttar eller motarbeider nokon regjering eller politisk system.

11. oktober får du vita meir om AMNESTY INTERNATIONAL. Forutan at det kjem folk frå KARMØY AMNESTY for å halda appell og selja og dela ut AI-materiell, blir det prolog, allsang, dikt/tankar, loddsal og korsong av Bokn barnekor og Bokn blandakor. Det blir m.a. eit fellesnummer der heile 80 songarar + eit 4-manns orkester medverkar.

**BLI MED OG DRIV**

## **UTSAL AV HANDVERK- OG HUSFLIDPRODUKT I "GAMLE-BANKEN".**

Det siste året har nokre personar med særleg interesse for handverk og husflidprodukt, jobba med å få til eit utsal for slike produkt her på Bokn. Dette arbeidet har nå gitt resultat og det planlagte utsalet har nå fått leige rom i SR-Bank-Bokn sine gamle lokaler. Gruppa har også planlagt opp-pussing av lokalet og vil starte med utsal i haust.

Me vil med dette orientere alle boknarar om korleis me har tenkt at dette skal drivast og samstundes oppfordre mange fleire til å bli med.

Føremålet er å vere med å gjere kjent og formidle sal av lokalt handverk. Svært mange av oss produserer handverkprodukt som ein hobby, og dette er med og gjev fritid og evt. pensjonsalder eit positivt innhald. Dersom me går bakover i tid til våren 1982 og den store utstillinga av hobbyarbeid me då fekk sjå, veit me at det er mykje fint handverk som vert laga rundt om i heimane.

Alle som har ferdige handverksprodukt dei vil selje, kan nå vere med å leve til dette utsalet, og med det vere med i drifta av utsalet.

For å gi døme på ting du evt. kan selje, kan nemnast: Alle typar strikka og hekla plagg eller pynteting som t.d. sokkar, vottar, genserar, hekla dukar og brikker, prydsaum t.d. hardangersaum, maleri, vevde tekstilar, filleryer m.m.,

rosemaling, porselensmaling, julepynt som t.d. nissar, treskjæring og dreining, saum av kosedyr og mykje meir.

Me har også tenkt at om det er personar som vil produsere t.d. lefser og potetkaker, kan utsalet evt. formidle bestillingar eller selje direkte.

Kvar produsent må sjølv setje pris på varene sine. Når ei vare vert selt, går beløpet til produsenten. Ein liten del av det ein har selt for må vere med å dekkje straum- og leigeutgifter.

Butikktenesta må også gå på omgang mellom dei fleste som er med og leverer varer til utsalet.


Elles vil me leggje mykje arbeid i at alt vert fint lagt fram for sal og ser det som svært viktig at me kan skape ei fin atmosfære i dette lokalet.

Det vil mellom anna vere fint om produsentar presenterer seg og produktet sitt ved å arbeide med slikt den tida dei har butikkteneste.

Kor ofte og lenge ein skal ha ope, er ikkje bestemt ennå. Det avheng litt av kor mange som vil vere med, men ein gong i veka er sjølvsagt eit minimum.

Har du nå fått lyst til å vere med, evt. få meir informasjon, ta kontakt med underteikna innan 10. okt.

Arvid Jøsang  
Bertha Våge  
Ingjerd Thuestad



## TO TILSKOTSORDNINGAR VERT

### MED DETTE UTRYST

#### TELEFONTILSKOT

Søkjurar må:

- 1) Ha rett til alders- eller uførepensjon.
- 2) Ha nedsett førleik som gjer det vanskeleg å røra seg utandørs.
- 3) Bu åleine eller saman med andre som også fyller vilkåra for tilskot.
- 4) I tillegg til minstepensjon frå folketrygda, ikkje ha inntekt og/eller formue (bankinnskot o.l.) større enn halve grunnbeløpet i folketrygda.

Det kan gjevast tilskot til:

Innmeldingsavgift, abonnementavgift, abonnement på tilleggsutstyr og flytting av telefonabonnement.

\*\*\*\*\*

#### BUSTØNAD FOR MINSTEPENSJONISTAR

Bokn kommune har midlar til reduksjon av buutgifter for pensjonistar. Pengane skal fordelast etter desse vilkåra:

Søkjaren må:

- a) Vera alders- uføre- eller attlevande pensjonist.
- b) Ikkje ha andre inntekter enn summen av minstepensjonen i folketrygda + eventuelle mindre tillegg, eller anna inntekt pensjon som overstig denne summen.
- c) Ha buutgifter som overstig 15% av inntekta. Buutgifter omfattar husleige, avdrag og renter på bustadlån, kommunale avgifter, lys og brensel o.l.

Søknadsfrist for begge ordningane er 1. november 1987.

Søknadsskjema og nærmare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret, tlf. 74 85 00.

\*\*\*\*\*

#### TØMMING AV SLAMAVSKILLER

Huseiere som ønsker å få tømt slamavskiller må henvende seg til teknisk etat innen den 9.oktober 1987.

Prisen er ca. kr.360,- for en vanlig slamavskiller med 4 m<sup>3</sup> volum.

#### FEIING


Huseiere som ønsker å få utført pipefeiing i løpet av høsten må henvende seg til Edvin Øvrebø innen den 9.oktober 1987, telefon 74 85 90.

Avgiften er for tiden kr.45,- pr. pipe.

Teknisk etat

## LESETIPS FOR OKTOBER:

- \* Keillor, Garrison:  
Dager i Lake Wobegon
- \* Howard, Clark:  
Gaven fra en fremmeed
- \* Brett, Simon:  
Den enes död....
- \* Lang, Maria:  
Dukke hvit, dukke rød
- \* Kjærstad, Jan:  
Det store eventyret
- \* Seeberg, Eva:  
Jeg kan ikke se deg
- \* Elden, Asbjörn:  
Merksteinskrömt
- \* Brenna, Johs:  
Pensjonist med reservedeler



## OPNINGSTIDER:

TYSDAG: 16<sup>00</sup>-19<sup>00</sup>  
TORSDAG 10<sup>00</sup>-13<sup>00</sup>

NYE TLF. 748500  
**bøker for barn :**

- \* Scott, Gabriel:  
Sølvfaks
- \* De Brunhoff, Jean:  
Babar blir far
- \* De Brunhoff, Jean:  
Babar og Arthur, den ugagnskråka
- \* Thorseth, Ragnar og Harald:  
På eventyr med Saga Siglar
- \* Vebel, Susanne:  
Utkledningsboka
- \* Cunliffe, John:  
Postmann Pat på taket
- \* De Paola, Tomie:  
Først den ene foten, så den andre



BIBLIOTEKET YNSKJER NYE  
OG GAMLE LÅNARAR VELKOMNE  
I NYE LOKALE I 2. HØGD I  
KOMBI BYGGET!

## EIN AV BOKN'S ELDSTE - JENS VATNALAND ER GATT BORT.

HAN VILLE BLITT 90 ÅR 3.OKTOBER.

Jens L.Vatnaland er ektefødt boknar. Han overtok farsgarden på Vatnaland i unge år. Ved sida av drifta av garden deltok han i sildefiske om vinteren. Han var og ei tid tilsett som forretningsførar for ligningsnemnda og hadde med utrekning av skatt.

Jens L.Vatnaland har hatt mange til-litsverv mellom sambygdingane sine. Han kom inn i heradsstyret i 1934, vart ordførar i 1937 og hadde dette vervet til krigen. I 1945 kom han tilbake som ordførar og måtte leia kommunen i den vanskelege tida fram til nyval. I 1956 vart han på ny ordførar og hadde dette vervet i sammenhengande 8 år til 1964.

I fylkestinget var han og med og var mellom anna formann i næringsnemnda.

I tillegg til dette har Jens L.Vatnaland hatt mange oppgaver å utføre i vår kommune. Han har vore med i mange nemnder og byggekomitéer.

Han har også vore med i representantskapet for Karmsund Kraftlag i mange år.

Jens L.Vatnaland var og med i religiøst arbeid, var i si tid formann i styret for Bokn Kr.ungdomsforening, medlem av soknerådet og aktiv leiar av Hognaland søndagskule.

Jens var ein rolig og godlynt person som har vunne seg mange venner i bygda.

Han vil bli sakna.

## FRIIDRETT

Idrettslaget har for tiden ikke ledere for trim/friidrettsgruppa for barn og ungdom.

Mange unge savner dette tilbudet og laget håper at en eller flere personer i fellesskap kan påta seg å gi denne gruppa et tilbud en times tid pr. uke.

Interesserte kan henvende seg til Hans Faye.

## BARNETRIM

Beklageligvis kan heller ikke barnetrimmen fortsette i høst på grunn av ledermangel.

Tilbudet var svært populært blant ungene så en håper at en eller flere personer kan starte opp igjen "barnetrimmen".

Interesserte kan henvende seg til Hans Faye.

## ORIENTERING

Bokn idrettslag er nå medlem av Norges orienteringsforbund. I løpet av oktober vil det bli avholdt orienteringskurs for alle interesserte medlemmer.

Nærmere kunngjøring om dag og tids-punkt blir gitt senere.

## LEDIG STILLING



**BOKN KOMMUNE**  
4290 FØRESVIK

### VIKARIAT HJELPEPLEIAR/ $\frac{1}{2}$ STILLING

Frå 1.02.88 er det ledig eit 20 vekers vikariat for hjelpepleiar i Bokn kommune. Vikariatet kan bli utvida til 1 år.

Arbeidsoppgåvene vil bli ved sjukestova og i åpen omsorg, og den tilsette må såleis disponera bil. Enkelte nattevakter og noko bakvakt er tillagt stillinga. Andre enn hjelpepleiarar kan også søkja vikariatet. Løn etter 1.tr. 12 - 17 eller 9 - 16 etter kvalifikasjonar.

For stillinga vil det bli lagt stor vekt på fleksibilitet i arbeidet, og evne til samarbeid. Arbeidstakarane vert tilsette i kommunen på dei vilkår som til ei kvar tid går fram av gjeldande lover, reglement og tariffavtaler, og må godta ev. seinare endringar i arbeidsområdet. Dei fleste kommunale stillingar er omfatta av pensjonsordning med 2 % trekk.

Opplysningar om stillinga, vaktordning o.l. får ein ved å venda seg til styrar eller avd. sjelypeiar ved Bokn sjukestove, tlf. 74 85 00.

Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune, adm.utvalget, 4290 Føresvik innan 3 veker frå utlysing.

**-KOM SÅ BYGGER VI-**



**Se vår huskatalog**

**70 SIDER MED HUS OG INFORMASJON !**

Kontakt vårt kontor –  
kom gjerne innom –  
så får du se tegninger  
på det huset du vil ha.

**HØY STANDARD • GUNSTIGE PRISER**

**VI HAR KONTOR PÅ BOKN (GAMLE SR-BANKSLOKALER)**

**KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN**

**FAST KONTORTID:**  
**MANDAG OG TORSDAG**      **FOR AVTALER: TLF. 748501**

**KL. 17-19**

AVALDSNES KIRKE



**UTVIKA**

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING  
4262 AVALDSNES - TLF 04-843111

9

## 50 HØYRDE SONJA THORBURN

Rundt 50 personar møtte opp i Allrommet i Kombibygget og fekk høyra Sonja Thorburn snakka om eldreomsorg.

Først orienterte Jone Rønneberg frå Rogaland fylkeskommune om det såkalla Eldreomsorgsprosjektet i Rogaland.

Dette er eit prosjektarbeid som er komme i stand for å retta opp mangler ved den eldreomsorgspolitikken som har vore ført til nå.

Hovedføremålet med prosjektet er å få til ei haldningsordning hos folk m.h.t. eldreomsorg.

Andre ting prosjektet har tatt føre seg er at ein har laga prøveprosjekt i ulike kommunar, undervisningsopplegg etc. Dei fleste kommunane i Rogaland har dei siste åra hatt eldreomsorg på dagsorden i sterkegrad enn før, og eldreomsorgsprosjektet i fylket har vore ein medverkande pådriver i denne samanhengen.

Sonja Thorburn er deltidstilsett i eldreomsorgsprosjektet i Rogaland. Ho kjem frå Huddiksvall i Sverige, kor ho har stått i brodden for ein revolusjon i eldreomsorgsarbeidet.

På møtet i Bokn redegjorde ho for dette. I Huddiksvall var det hundrevis av eldre på ventelister til sjukeheim då ho begynte der i 1978. I dag legg dei ned sjukeheimar og aldersheimar. Grunnen til dette summerte ho opp slik:

- 1) Ein arbeider på ein annan måte på institusjonane.
- 2) Haldningane til eldre er endra.
- 3) Ein har fått til eit samarbeid mellom åpen omsorg og institusjonane.

I Huddiksvall har ein i dag berre korttidsopphald på dei institusjonane som tidlegare var tiltenkt varig opphold. Andre eldre hjelpetrengande bur enten heime eller i eigne trygdebustader. Her får dei så den hjelpa dei treng av heimehjelpar, sjukepleiar o.l.

Sonja Thorburn meinte ho merka stor forskjell på haldningane til eldreomsorg her i fylket frå første gongen ho var her for eit par år sidan og i dag. Ho meinte det var ein meir positiv haldning til dette i dag.

For 2 år sidan snakka ein om "eldrebølgen" som eit stort problem i staden for å sjå på dei eldre som ein resurs. Ein må vera klar over at dei fleste eldre greier seg sjøl.

Sonja Thorburn viste til gode erfaringar frå Sverige. Likevel meinte ho at dei stadig måtte arbeida med folk sine haldningar, m.a. slike som at folk tok det som ein sjølsagt ting at eldre skulle inn på institusjon når alderdomen sig på.

## IDRETTSMERKEPRØVER

Det vil bli arrangert idrettsmerkeprøver på idrettsbanen søndag den 4. oktober kl. 15.00 og tirsdag den 6. oktober kl. 17.30.

Alle som har fylt 17 år kan avlegge prøvene og idrettslaget ønsker særlig nye deltakere velkommen.

De som ønsker nærmere orientering kan kontakte Hans Faye på telefon 748500 eller 748455.

## SJØLVE I GARHUSVÆRE FOR ELDRE I FELLESBYGG PÅ BOKN

Eigne husvære tilpassa eldre er idag under planlegging i mange kommunar. Fleire husvære i felles bygg har mange fordelar. Er dette interessant for oss Boknarar? Eit godt og lettstelt husvære kor ein føler seg trygg er ekstra viktig når me vert eldre. Dersom det er interesse for denne buform kan det kanskje vera ein ide å nedsetja eit arbeidsutval til å jobba med denne saka. Tilbudet kan vera aktuelt for alle over 60 år. Har du slike tankar så ta kontakt med sosialkontoret.

Kyrkjebygd søndags-skule - Hausten 87.


Det blir søndagsskule desse søndagane:

4. okt.	8. nov.	6. des.
18. okt.	15. nov.	20. des.
25. okt.	29. nov.	

Tidsrom som før frå kl.10.00 - 10.45 på musikkrommet.


MALFRID

ER DET TID FOR LOFTSRYDDING?



HUGS SKULEKORPSET SIN AUKSJON!

HUGS  
SKULEKORPSAUKSJON  
31. OKT.!



KANSKJE ER DET TID TIL Å  
SY, STRIKKA ELLER HEKLA.

//

OFF. ÅPNING AV KOMBIBYGGET - 1.OKT. - HEIS FLAGGET!

**ARRANGEMENT  
I OKTOBER**

- 3. oktober: Diskotek.
- 7. oktober: Kino på Bokn skule.
- 9. oktober: Bingo.  
Arr: Bokn Brass.
- 11. oktober: AMNESTY-konsert, Bokn skule.
- 17. oktober: Diskotek.
- 31. oktober: Auksjon kl. 13.00.  
Arr: Bokn skulekorps.
- 31. oktober: Dans (Country-aften),  
"Redneck" spiller.  
Arr: Bokn Brass.

**FOTPLEIE**

Det blir fotpleie onsdag den 7. oktober 1987.  
Påmelding til sosialkontoret snarast tlf. 74 85 00.

**TIL SALGS**

Gode høgtalarar til salgs.  
Jamo CBR - 120.

Kontakt Jardar 74 84 02 (p)  
74 85 00 (a)

Nå er bankboksane på plass.

Det er 3 ulike storleikar.

Pris: Kr. 100,-, 150,-, 300,- pr. år.

**OPPBEVAR VERDISAKENE DINE TRYGT!**

**Velkommen i banken!**

